

Tilknyttede organisasjoner;



Surnadal kommune

Molde, 25. mars. 2024

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Birdlife Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeninger, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal.

## Høring av naturmangfoldsplan for Surnadal

Vi viser til kommunedelplan for naturmangfold for Surnadal kommune som nå er til høring med uttalefrist 26 feb. 2024.

**FNF Møre og Romsdal er glad for at Surnadal kommune arbeider fram ei plan for naturen sin. Vi ber om at kommunen sett opp på tiltakslista si planvask/rullering av reguleringsplan for Bøvrasmøan -Syltøran av 02.02.2006. Vi foreslår at det etablerast ei nemd (Naturnemd) der ein representant frå ein av våre organisasjonar får delta, som får til handsaming før politisk beslutning, dei søknader om landbrukstilskot som blir kommunalt handtert. Vidare foreslår vi jordskifte som eit tiltak. Vi ber om at Surnadal kommune i sin kommuneplan for naturmangfold sett ei markagrense samt gjer ei sonering av sitt areal, som er juridisk bindande, der natur og friluftsliv blir satt i samanheng.**

FNF Møre og Romsdal synes det er fint at Surnadal kommune nå lagar ei plan for naturen. Vi ser at dette er kommunens første plan innan fagfeltet og våre innspel er styrt av dette. Plana har i seg ulike element. Vi har ikkje kapasitet og nok detaljkunnskap om kommunen til å sjå på alle desse, men vil bemerke nokre punkt i denne uttalen. Vi viser også til eigne uttaler frå Birdlife Norge, avd. Møre og Romsdal og frå Naturvernforbundet.



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner  
moreogromsdal@fnf-nett.no | Idrettsvegen 2, 6413 Molde | tlf 46 43 14 27  
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal

Vi les i innleiinga i plana under mål at «*Planen er ikkje juridisk bindande, men retningsgivande for kommunen.*» Vi liker slike uttrykk dårleg – det gir eit dårleg signal til sine borgarar og omverda å seie at kommuneplana ikkje er forpliktande for kommunen sjølv. Det er å tulle bort tida for folk å be om innspel til ei plan som kommunen ikkje vil bry seg om. Om ikkje ei plan har i seg kva, kven og når så blir ei slik plan fort berre ei skildring – ein papirtiger. Ei plan skal ende opp i ei handlingsplan med konkrete tiltak med ein tidshorisont og eit kostnadselement. Og så meiner vi at kommuneplan utan arealknytting blir feil – informasjon om noko utan å knytte det til staden blir feil – med andre ord krev ei plan eit kart.

Vi sakner ei overskrift under kap 2 Naturmangfold med tittelen «**Kva er unikt ved Surnadal kommune**» med ei tiltaksplan respektivt under kap 4 – oppfølging av kommunedelplana. Dette då vi meiner at det er noko som Surnadal kommune har knytt til natur som få andre kommunar i fylket/landet har og som er sers utsatt. Vi tenkjer då spesielt den unike natur i Surnadeltaet. Den delen av Surnadeltaet som er att og enno ikkje nedbygd, må kome fram på ein betre måte enn no. Vi veit jo meir no om naturen og tek omsyn til dette enn då reguleringsplana for området vart vedteke. Denne nye kunnskapen bør kome fram i plana og knyttast til staden vi har naturinformasjon om. På dette grunnlag ber vi om at kommunen sett opp på tiltakslista i si naturmangfoldsplan planvask/rullering av reguleringsplan for Bøvrasmooan -Syltøran. Elles er det jo slik byggeforbodet (i pbl. § 1-8) i 100-metersbeltet langs sjøen gjeld også for eldre planar – noko som ein med fordel kan ta inn naturmangfoldsplana til Surnadal kommune.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Birdlife Norge, Avd. Møre og FNF Møre og Romsdal har tidlegare (seinast 07.09.2022) meint noko om verneområda ved Surna. Då meldte vi inn at bestandsnedgang av fugl i det konvensjonelt drevne kulturlandskapet er eit nasjonalt problem, som har medført at bl.a. vipe og storspove er klassifisert som truga/sterkt truga artar. Saman med raudstilk og småspove var desse artane tidlegare utbreidd langs Surna, men tilbakegang har vore markert over lang tid. Artsdatabanken forklarar den negative utviklinga med biotopendringar pga omlegging i driftsformene. Eit tiltak for å hjelpe fugl i dyrelivsfredningsområdet er difor å legge til rette for mindre intensive driftsformer i randsonene mot strandeng/flaummark. Her bør ein unngå bruk av kunstgjødsel, og legge til rette for utsatt slått. Dette vil vere ein form for biotop-restaurering som bl.a. vil vere til hjelp for bakke-rugande fugl. Vi er difor glad for at denne naturmangfoldsplana som no er til høyring, løfter fram ulike tiltak innan landbruket. Samstundes må vi seie at vi trur diverre ikkje at kommunal handtering av eks ulike tilskotsordningar fører fram, vår nyare historie (sjå flyfoto frå staden) viser jo nett dette.

Det er no ein gong slik at skal artar leve så må dei ha leveområda sine på stell – dei treng areal. No er vi i starten på FN sitt internasjonale tiår for naturrestaurering (2021-2030). Restaurering av natur er en forutsetning for å nå FN's berekraftsmål. Å restaurere natur betyr å gjenopprette og forbetre økologisk tilstand og naturverdiar i områder som er øydelagte.

Forskerne i naturpanelet (IPBES) og klimapanelet (IPCC) har slått alarm om naturens tilstand på jorda. Det er ikkje lenger nok å bevare natur – vi må i tillegg restaurere det som er ødelagt. Naturrestaurering handler om politikk, forvaltning, forskning og praktiske løysingar. Kunnskaps- og erfaringsformidling på tvers er avgjerande for at vi når Norges miljømål om god tilstand i økosystema. Vi har no erfart korleis ein restaurer myr etc og tida er vel moden no også å driste seg inn i landbruket sitt kulturlandskap. Vi meiner at dette skylder vi til dømes vipa som no er kritisk trua nett her i fylket og der Surnadal har ein restpopulasjon.

Vi skulle ønskje at ny kunnskap om natur medførte til ny konklusjoner når det gjeld arealdisponering av dette sårbare arealet ved Surna og deltaet der – men den verkelege verden er jo meir styrt av økonomi. Diverre er vår erfaring at frivillig vern er koblet til økonomi (les barskog) – som gjer at ein ikkje får grunneigararar til frivillig vern av denne naturtypen då det ikkje følger ei krone med. Då er vel løysinga tilskot til tiltak til restaurering. Dei statlege tilskotspostane er styrt utom kommunal sjølvstyre, så då sit ein att med landbrukets midlar. Vi foreslår difor under tiltaksdelen av denne plana at det etablerast ei nemd (Naturnemd?) der ein representant frå ein av våre organisasjonar får delta, som får til handsaming før politisk beslutning, dei søknader om landbrukstilskot som blir kommunalt handtert.

Vi likar tilnærminga i kapittelet kalla 3 – Mål, strategi og tiltak. Samstundes blir tiltaka for vage. Ikkje målsatte tiltak blir berre nye skildringar og lite realisme. Vi ber om tiltaka blir målsatte og satt i samanheng med kommunens øvrige planstrategi/økonomiplan.

Under kap. « 3 Mål, strategi og tiltak » i plana seier kommunen noko om ivaretaking av naturtypar eks myr som er særleg viktig for karbonbinding, men så ser vi at i praksis så gjer kommunen noko anna. Seinast den 6 feb. i år viser Driva i ein artikkel til nydyrking av 20 da myr i Surnadal kommune; i kommunen si grunngjeving blir det uttalt mellom anna; «*Behovet for nydyrkinga er dokumentert ettersom dyrkinga er av vesentlig betydning for drifta av garden, og arronderinga blir god. Fordelane med nydyrkinga er klart større enn ulempene med hensyn til natur- og kulturlandskapet, og hensynet til klima, på grunn av at søknaden gjeld eit lite areal, grunn myr og at deler av arealet allerede er grøfta for lang tid sidan. Utrekninga av klimagassutslepp er ikkje avgjerande i denne saka. Kommunen vurderer at fordelene med dyrkinga og etablering av fulldyrka jord til matproduksjon, er større enn ulempene med klimagassutsleppet.*» Utan å vite detaljene her, blir vi då frista til å tru at ved jordskifte kunne ein unngått nydyrking og spart denne myra. Så vårt forslag er at jordskifte bør nyttast som ein strategisk når ein skal vurdere disponeringar av areal i det heile – for om ein tek omsyn til natur framfor eigedomshavar vil resultatet for naturen fort bli betre.

Vi ser at natur og folks bruk av natur (friluftsliv) heng tett i hop. I ein tidlegare uttale (10.05.2016) i prosessen med kartlegging og verdsetting av friluftsområda i Surnadal, har Forum for Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal peika på vesentlege faktorar som også rører ved naturmangfoldet. Ein av desse faktorane vi peika på er behovet for



markagrense/markaområde/sonering som er viktig med omsyn til få forvalte heilheitleg og langsiktig - som kan oppsummerast i to hovudmål (nedfelt i stortingsmeldingar):

- Å verne mot omdisponering til utbyggingsføremål.
- Å halde natur- og kulturmiljøet i alle delar av marka mest mogleg intakt, variert og opplevingsrikt.

*Ei heilskapleg og langsiktig forvaltning av markaområda er naudsynt for å nå desse måla. Kommunane bør difor setje klare mål for forvaltninga gjennom juridisk bindande planar der omsynet til friluftslivsinteressene blir lagt større vekt på. Gjennom planen bør marka avgrensast og delast inn i fleire soner som blir forvalta på ulikt vis når det gjeld tiltak som krev løyve, til dømes etter skoglova og plan- og bygningslova. Ein slik plan med ei markagrense mellom utbygging og viktige friluftsområde bør etablerast i alle kommunar med tettstadnære markaområde innan 2006. Det er viktig at planen og grensa blir vedteken med juridisk binding.*

Vi ber om at Surnadal kommune i sin kommuneplan for naturmangfold sett ei markagrense samt gjer ei sonering av sitt areal, som er juridisk bindande, der natur og friluftsliv blir satt i samanheng.

Avslutningsvis vil vi ønskje lukke til med vidare arbeide med naturmangfoldsplana.

Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal